

STORDAL KOMMUNE



- der føll trivst!

ÅRSMELDING 2019

Stordal frivilligsentral



Stordal frivilligsentral

Stordal frivilligsentral blir drifta ut frå lokale føresetnader og behov. Aktivitetar byggjer på frivillig innsats, bidreg til å skape sosiale møteplassar og legg til rette for lokal frivillig verksemd. Stordal frivilligsentral er eigd av Stordal kommune og dagleg leiar er tilsett i 100% stilling. Dagleg leiar er også koordinator for Stordal ungdomsråd og Stordal ungdomsklubb. Dagleg leiar har vore på biblioteket 2,5 t/veke også i 2019. Sentralen har eige styre som består av representantar frå lag og organisasjonar, samt representantar oppnemnd av Stordal kommune.

Frivilligsentralen er medlem av Norges Frivilligsentraler, og representert i styret i Frivillig Møre og Romsdal. Dagleg leiar er nettverksleiar for frivilligsentralane på Nordre Sunnmøre.

I høve kommunesamanslåinga har dagleg leiar delteke i kulturarbeidsgruppa.

Stordal frivilligsentral har sidan oppstarten i 2010 blitt ein viktig møteplass og arena for mangfaldig aktivitet i kommunen. Det er over 5000 menneske innom i løpet av året og frivilligsentralen har ei lang rekke tiltak og lågterskel aktivitetar retta mot ulike aldersgrupper og personar med ulike funksjonsnivå. Aktiviteten ved frivilligsentralen har auka kvart år, og ein ønskjer å oppretthalde same aktivitetsnivå framover.

Utfordringa for dagleg leiar er å ha nok kapasitet til å ta seg av alle dei ulike oppgåvene.

Nokre av aktivitetane er i samarbeid andre avdelingar, lag og organisasjonar eller enkeltpersonar. Det er også samarbeid med frivilligsentralen i Norddal.



Lokale

Stordal frivilligsentral og Stordal ungdomsklubb er samlokalisert på gateplan i Stordal Næringsbygg. Her er det om lag 350 m² med lokale, fordelt på fleire rom. I sør har vi scene og musikkanlegg, lyd og lys, prosjektor og lerret. Stolar og bord til 50 personar. Her er også eit lite kjøkken, i hovudsak nytta av herrekubben, samt kontor/lager. I midten har vi kjøkken, sofagrupper, biljard, air-hockey og fotballspel. I tillegg har vi kinorom, som var pussa opp i 2019 (også her med prosjektor, lerret, lydutstyr og TV). Ungdomskubben driftar også musikkverkstaden som har eige rom. Kulturskulen nyttar musikkverkstaden til songtimar, elles kan ein booke tid og låne nøkkel etter behov. Utstyrsbasen har eigen inngang felles med SIMEK.

Frivilligsentralen låner ut lokalet gratis til lag og organisasjonar. Ungdomskubben leiger ut lokalet til private selskap, som t.d. barneselskap og konfirmasjon.

Faste aktivitetar på frivilligsentralen

Stordal frivilligsentral har sidan oppstarten i 2010 hatt faste opningstider, tysdag, onsdag og torsdag frå 10:00-14:00. I tillegg er det mange faste aktivitetar, både i regi av frivilligsentralen og andre;

Måndag	11:00-13:00	Herrekubb kvar veke
Tysdag	11:00-13:00	Dametreff kvar veke
	18:00-20.00	Medlemskveld Mental Helse Stordal (andre tysdag i månaden)
	18:00-20:00	Åpent hus for menneske med nedsett funksjonsevne (tredje tysdag i månaden)
Torsdag	10:00-14:00	Vaffeldag
Fredag	11:00-13:00	Herrekubb
Laurdag	20:00-24:00	Ungdomsklubb
Søndag	19:00-21:00	Strikketreff Ull & omtanke (siste søndag i månaden)



Andre aktivitetar koordinert av frivilligsentralen

Den kulturelle spaserstokk – dagleg leiar søker om midlar, fordeler og rapporterer

Kulturkafé Stordalstunet – andre torsdag i månaden. Finansiert av Den kulturelle spaserstokken

Krafttak mot Kreft – årleg innsamlingsaksjon i samarbeid med Stordal Helselag og Mental Helse Stordal.

Natteravn – spesielt natt til 1. mai, der det samlast russ og andre ungdommar i hamna i Stordal. I samarbeid med frivillige.

Julemesse – første helga i advent. I samarbeid med frivillige.

Seniorshop – klesbutikk på Stordalstunet to gonger i året.

Barnas kommune – vidareført via frivilligsentralen og i 2019 var det ferieaktivitetar i form av dagsturar til aktivitetspark, friluftsbad m.m. Det vart i desember søkt om midlar for å ha liknande ferieaktivitetar også i 2020.

I juni var det foredrag med Audun Myskja, der vi også hadde han som kulturformidlar på konsertar på Valldal sjukeheim og Stordalstunet.

Hausten 2019 arrangerte vi i samarbeid med Frivilligsentralen i Norddal, inspirasjonskveld for frivillige lag og organisasjonar.

Verdensdagen for psykisk helse blir kvar haust markert. Frivilligsentralen har dei siste åra samarbeidd med Mental Helse Stordal og Stordal bibliotek om denne markeringa. Hausten 2019 var det skodespelar Per Christian Ellingsen, kjend frå «Elling»-filmane, som var foredragshaldar på markeringa.

Dagleg leiar har søkt om midlar frå ulike støtteordningar, m.a. frå Bufdir, Møre og Romsdal Fylkeskommune, Kulturbyggingsmidlane i Fjord kommune, Sparebanken Møre, Frifond mfl.





Utstyrssbase for aktivitet og friluft

Utstyrssbase for aktivitet og friluft vart oppretta i 2017 ved hjelp av midlar frå Barne- ungdoms- og familiedirektoratet. Dagleg leiar organiserer drifta og her kan alle låne gratis friluftsutstyr. I 2019 var det 250 unike utlån. Etter søknad til Bufdir, fekk vi i 2019 midlar til utviding av basen, for å kjøpe inn ustyr det har vore spørsmål om, samt komplettere med fleire størrelsar i skisko. Basen er lokalisert i Stordal Næringsbygg, i same bygg som frivilligsentralen.

Utstyr (med sko i størrelse 28-48):

- skipakkar for langrenn
- rattkjelkar
- skøyter og hjelmar
- truger med teleskopstavar
- barnepulk med varmepose
- isfiskebor
- fiskestenger
- redningsvestar
- syklar og hjelmar
- sykkelvogner
- barnevogner
- bæremesisar
- hengekøyer
- tursekkar



Ungdomsråd, ungdomsklubb, folkehelse

Dagleg leiar har koordinert ungdomsråd og ungdomsklubb, samt vore kontaktperson for God Helse. Ungdomsrådet har hatt eigne møter, men også hatt felles møter med ungdomsrådet i Norddal kommune. Ungdomsklubben har utanom dei faste klubbkveldane i 2019, arrangert graffiti-workshop i høve oppgradering av kinorom, samt ein songworkshop og fellestur til klatreparken i Valldal saman med Sylte ungdomsklubb.



Frivillige

Dei frivillige gjer ein uvurderleg innsats i lokalsamfunnet, både i ulike lag og foreningar, men også enkeltpersonar som bidreg til ulike arrangement og stiller opp i andre samanhengar. Stordal har ikkje fått «stempel» som dugnadsbygda utan grunn! Utan den frivillige innsatsen som er lagt ned gjennom tidene hadde vi ikkje hatt alle anlegga, arrangementaa og kulturtildoda som vi no har. Via frivilligsentralen har vi tilbod om skyss til ulike arenaer som t.d. kulturkafé på Stordalstunet, handlehjelp eller pensjonisttreff. Frivilligsentralen har også frivillige som stiller opp som kafévert i opningstida dersom dagleg leiar ikkje kan vere til stades, så slepp vi å stenge eller leige inn vikar.

Tusen takk til alle dei frivillige som stiller opp – på frivilligsentralen, som foreldrevakter, trenrarar, leiarar, styrerepresentantar og pådrivarar i ulike lag og organisasjonar – til beste for lokalsamfunnet!



Plakat med ord og uttrykk frå Stordal. Laga i samarbeid med deltagarar på m.a. Herrekubb og Dametreff. Desse er til salgs på frivilligsentralen!